

# RETNINGSLINER FOR

## OPPTAK TIL KOMMUNAL VEG

### I FJALER KOMMUNE

Vegar med privat vegvedlikehald kan søke om opptak til kommunal veg. For at ein veg, etter definisjonen i veglova, skal vere kommunal, må kommunen ha ansvar for både sommarvedlikehald og vintervedlikehald av vegen.

**For at ein veg kan vere kommunal må vere at eit eller fleire av følgjande kriterium vere oppfølgt:**

A, Innanfor dagens busetningsmønster i kommunen skal ingen fastbuande måtte ha vedlikehald på veg lenger enn 500 meter før vegen vert knytt til kommunal veg, eventuelt riksveg eller fylkesveg.

B, Det må vere knytt stasjonær næringsverksemd som sysselset minst tre årsverk.

C, Veg til offentlege plassar, større utfartstader, friluftsområder, rekreasjonsområder med meir. Innanfor desse kriteria skal formanskapet ha mynde/fullmakt til å avgjere om vegen kan reknast som kommunal eller ikkje.

Aktuelle private vegar kan takast opp til kommunal veg etter søknad frå oppsitjarane på vegen. Søknaden skal vurderast av formanskapet og innstilling leggjast fram til kommunestyret for avgjerd.

Ved kommunestyrevedtak om at vegen kan takast opp til kommunal veg, vert det stilt krav om at vegen skal ha tilfredsstillande vegstandard. Administrasjonen utarbeider nærmare kriterier. Administrasjonen set krav om at vegen har vegstandard tilsvarande kommunale vegar før vegen vert teken opp som kommunal veg.

Dersom forutsetningane for opptak til kommunal veg ikkje er tilstades bør kommunal veg føreslåast nedlagt. Vegen kan leggjast ned med heimel i veglova etter vedtak av kommunestyret.

Fjaler kommune kan tilby vintervedlikehald av private vegar fram til fastbuande. Dette er vidareføring av vedtak frå 16.03.15 og i sak 068/16.

Løyvinga vert dekkja av disposisjonsfondet.